

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|------------|------|------------|
| 009/20 | Eldrerådet | PS | 04.08.2020 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore | FE-033 | 20/4466 |

Eldredagen 2020

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.

Ein skal annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over, mellom anna om minst 25 påmelde.

Annonse i Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT

MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG

MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000

INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med atterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen

verta flytta til Samfunnshuset.

Eldrerådet - 009/20

ER - behandling:

Leiar Gro Johannessen tok først opp om arrangementet burde bli avlyst dette året, på grunn av Korona/Covid-19.

Solveig Hopen ba om at ein først vurderer om det skal arrangerast i det heile, før ein planlegg.

Gro Johannessen viste til at ho hadde snakka med Rigmor Ludvigsen på Frivilligsentralen om dette, og at dei vurderer det slik at arrangementet kan planleggast med atterhald av nye smitteverntiltak.

Helge Dyrkolbotn sa at det er vanskeleg å vita kva som vert reglane, men at det kan vera OK å planlegga med atterhald om avlysing.

Solveig Hopen støtta at det kan planleggast, men må sjå kor mange som er interesserte i å vera med. Ivar Bergsvik viste til at det er den mest utsette gruppa eldredagen er meint for, og det kan tala mot arrangementet.

Gro Johannesen sa at det er tilbakemeldingar frå fleire at dei har gledd seg. Kan også vera viktig for å få ut dei som har vore mykje inne under Korona.

Magnus Kvingedal spurte om kvar dette er arrangert dei siste åra, Gro Johannessen svara om kvar dette har vore, og til kva prisar.

Gro Johannessen orienterte om arbeidet som er gjort med planlegging. Har vore i dialog med Rigmor Ludvigsen og Monika Kvamme. Fått tilbakemelding om at ein kan låna Seniorsenteret utan kostnad, og Nordliheimen kan levera maten. Om ein tar inngangspengar, er det 300 kroner som har vore summen tidlegare.

Kapasiteten på Nordliheimen er 40 personar. Men det er plass til fleire om ein leiger samfunnshuset, og det skal det vera rom for økonomisk om maten vert levert gratis. Per i dag er det lov å servera ved bordet, dette er viktig for å få det til effektivt.

Underhaldning er det Rigmor Ludvigsen og Kari Utkilen som ordnar og kostar, og organiserer også eldredagen elles, slik at det som fell på Eldrerådet er å ønskja velkommen og takka for maten.

Det er laga eit utkast til annonse i Kyrkjebakken, med leveringsfrist 14. august. Gro Johannessen tok i mot innspel direkte på annonseteksten, og på menyen for måltidet. Det vert svinesteik, og deretter is til kaffien.

Minste tal for deltakarar er sett til 25.

Gro/Rigmor har fullmakt til å flytta arrangementet til Samfunnshuset, dersom det er for mange påmelde til å vera på Seniorsenteret.

Det er lagt opp til gudsteneste i kyrkja klokka 15.00 og middag klokka 16.00.

Servicekontoret tar i mot påmelding, her skal det vera både namn og telefonnummer til den enkelte, med tanke på at det skal vera mogleg å ta kontakt ved ei eventuell endring eller i etterkant for eventuell smittesporing.

Handsaming i rådet:

Samrøystes vedtak om å annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over, mellom anna om minst 25 påmelde.

Annonseteksten vart bearbeidd i møtet, Ivar Bergsvik sender denne over til Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT

MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG

MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000

INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med atterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen verta flytta til Samfunnshuset.

ER - vedtak:

Ein skal annonsera arrangementet, og så vurdera ut frå Korona-situasjonen, og jamfør punkta over,

mellom anna om minst 25 påmelde.
Annonse i Kyrkjebakken. Rekning til kommunen.

Annonseteksten vert slik:

ELDREDAGEN 2020

1. OKTOBER VIL ELDREDAGEN VERTA MARKERT

MED GUDSTENESTE I KYRKJA KL 15.00 OG

MIDDAG PÅ SENIORSENTERET KL 16.00.

PRIS KR 300 PR PERSON.

BINDANDE PÅMELDING TIL SERVICEKONTORET PÅ TLF 56162000

INNAN 24.SEPTEMBER

VEL MØTT!

Eldrerådet

Med atterhald om endring av smitteverntiltak, kan middagen
verta flytta til Samfunnshuset.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i Eldrerådet, Gro Johannessen, har jobba med planlegging av Eldredagen 2020.

Noko av det som bør diskuterast/avklarast:

- Kvar skal det arrangerast (Seniorsenteret / Samfunnshuset)
- Skal det setjast nedre grense for påmelding med tanke på avvikling
- Skal det setjast ei øvre grense for påmelding
- Skal ein ta atterhald med tanke på Korona-situasjonen

- Med meir.

Konklusjon

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.